



Det blir ny inngang under byggjinga - litt lenger til høgre på butikken

**SPAR synest at det er utruleg spennande at dei har kome så langt med byggjeprosessen og ser fram til eit samarbeid med gode firma i Uskedalen. Det gjev dagleg leiar Bente Nilsen uthyrkk for når utvidinga av butikken no skal i gang for ålvor.**

**Førebels er 2 uskedalsfirma valde som entreprenørar. Det er Byggpartner AS ved Frode Bu i samarbeid med Uskedal Trelastlager og Musland Maskin AS ved Roar og Tore Musland. Prosjekt Konsult Kvinnherad ved Knut Magnar Teigen har driftsansvaret i byggjetida.**



Parkeringsproblem blir det heller ikkje, lover leiinga.

Det er starta rydding slik at alt skal vera klart for byggjestart 2. januar.

Det første som då skjer at det blir skåre hol i veggjen mot skulen  
og montert ein mellombels inngang der.

Det vil vera inngangen heilt fram til nybygget e ferdig. Bak kassane  
der inngangen er i dag vil det bli laga ein midlertidig vegg og deretter  
blir dagens inngangsparti og veggen reven.

I veke 2 startar så utgravinga av byggjegropa der nybygget skal komma.

- Vi er sjølv sagt svært spente på oppstarten. Det vil bli litt støy og sikkert  
litt rot, men vi skal gjera vårt beste for at det skal gå så smertefritt som  
mogeleg og at kundane ikkje skal lida under byggjetida, lover Bente

- Men parkeringa kan vel bli eit problem?

- Vi håpar ikkje det. Ved starten av anleggstida vil den noverande  
parkeringsplassen bli stengt, men alle er velkomne til å parkera på den nye plassen.  
Det blir også mogeleg å parkera langs byggjegjerdet og  
langsida på butikken, opplyser Bente.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen